

TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Postboks 2844
3702 SKIEN

Dato: 03.12.2025
Vår referanse: 2022/210-271
Sakshandsamar: Turid Opsund

Framlegg til endringar i kommuneplanens arealdel for å løyse motsegna frå Telemark fylkeskommune

Syner til brev frå dykk, motteke 27.08.2025, med svar på høyring og offentleg ettersyn av framlegg til ny arealdel i kommuneplanen for Vinje kommune, og dialogmøte for å diskutere motsegna 05.11.2025. Dette brevet tar for seg motsegna som er fremja til planen. Eventuelle planfaglege råd vil kommunen arbeide vidare med seinare i prosessen.

Telemark fylkeskommune har motsegn til fylgjande punkt:

- GU1 – omsyn til automatisk freda kulturminne, gravfelt
- GU1 – omsyn til automatisk freda kulturminne, Rauland kyrkjestad
- B5 Rauland – omsyn til klima
- Mangelfull utgreiing av konsekvensane for vassmiljø
- FTU2, FTU13 og NÆ41 – manglande/mangelfull KU
- P1 og ABA45 Stokketjønn – omsyn til villrein


Kommentar til område GU1 om gravfelt og Rauland kyrkjestad:

Telemark fylkeskommune har fremja motsegn på to områder innanfor GU1 som ikkje tar omsyn til dei freda kulturminna gravfelt og Rauland kyrkjestad. Motsegna kan løysast ved at kulturminna ID 305057 og ID 85276-3, med sikringssone vert lagt inn i arealdelen som omsynssone d bandlagd etter kulturminnelova H730-3 og H730_4 med fylgjande føresegn:

H730_4 I området finst automatisk freda kulturminne. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verka inn på det automatisk freda kulturminnet er forbode med mindre det ligg dispensasjon føre frå kulturminnelova, jf. Kulturminnelova §8 første ledd.

H730_3_1-3: Mellomalderkyrkjestedane Vinje, Nesland og Rauland er automatisk freda kulturminne. Det er ikkje tillate å iversette tiltak som kan verke inn på den automatisk freda gravplassen innanfor omsynssona med mindre det ligg føre ein dispensasjon frå kulturminnelova. Innanfor mellomaldergravplassen er gravlegging berre tillate i graver som har vore kontinuerlig i bruk etter 1945. Graver som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging. Gravminne som er eldre enn 60 år, skal ikkje flyttast eller fjernast utan at kulturminnemynde er gitt anledning til å uttale seg.

Framlegg til revidert plankart ved Rauland kyrkje GU1:



Framlegg til reviderte føresegner til omsynssoner:

6.9. Område bandlagt etter kulturminnelova H730 (§ 11-8 d)

H730_1-2_3: Mellomalderkyrkjestadene Vinje, ~~og~~ Nesland og Rauland er automatisk freda kulturminne. Det er ikkje tillat å iverksette tiltak som kan verke inn på den automatisk freda gravplassen innanfor omsynssona med mindre det ligg føre ein dispensasjon frå kulturminnelova. Innanfor mellomaldergravplassen er gravlegging berre tillat i graver som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Graver som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging. Gravminne som er eldre enn 60 år, skal ikkje flyttast eller fjernast utan at kulturminnemynde er gitt anledning til å uttale seg.

H730_4: I området finst automatisk freda kulturminne. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verka inn på det automatisk freda kulturminnet er forbode med mindre det ligg dispensasjon føre frå kulturminnelova, jf. kulturminnelova § 8 første ledd.

Kommentar til område B5 på Rauland:

Fylkeskommunen har fremja motsegn med bakgrunn i omsynet til klima, fordi delar av arealet som er sett av til bustadføremål er registrert som myr i AR5. Fylkeskommunen har i sitt brev skissert fylgjande løysing for å løyse motsegna:

3. Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremjast motsegn til byggeområde B5 som inneheld myr, jamfør nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, statlege planretningslinjer for klima og energi, og regional planstrategi for Telemark. Motsegna kan løysast ved at **myr** området og tilleggende arealer som kan reduserer myrens kvaliteter og eksistens ved nedbygging ikkje blir satt av til byggeområde i planen.

Kommunen ynskjer ikkje å justere på arealføremålet i kartet, men føresegnene er stramma inn. Årsaka til at kommunen ynskjer å løyse motsegna slik er at kommunen meiner dette sikrar arealet som er myr/våtmark og dens funksjon endå betre, enn løysinga som er skissert av fylkeskommunen. Dette er grunngeve i vedlagt notat.

Framlegg til reviderte føresegner pkt 1.8 c)

- c) Inngrep i myr og andre våtmarksområde er forbode dersom tiltaket fører til vesentleg skade på areala si økologiske funksjon og evne til karbonlagring, karbonopptak eller oppretthalding av naturleg vassbalanse. Ved utarbeiding av planframlegg eller søknad om tiltak som kan påverke
- Kartlegging av naturmangfald, myr og våtmarksområde dersom dette ikkje er tilfredsstillande kartlagt frå før.
område skal sikrast gjennom omsynssoner og tilhøyrande føresegner i reguleringsplan.
- e) Inngrep i myr og andre typar våtmark skal unngåast så langt som mogleg, slik at areala si evne til lagring og opptak av karbon og flaumdemping blir oppretthalden. I planforslag eller søknad om tiltak som medfører inngrep i slike areal, skal alternativ vurderast og konsekvensar skal utgreiast.

Framlegg til reviderte føresegn pkt 1.18, 4. kulepunkt:

Samstundes ber kommunen om å få ei konkretisering på kva som er grunnlag for motsegna til fylkeskommunen når det gjeld myr. Fylkeskommunen har motsegn til område B5 jf *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (punkt 48), statlege planretningslinjer for klima og energi og regional planstrategi for Telemark.*

- **Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging** pkt 48 seier fylgjande: «*Omdisponering og nedbygging av karbonrike arealer, inkludert myr, tidevannssump og andre typar våtmark og skog, unngås så langt som mulig, slik at arealenes evne til lagring og opptak av karbon opprettholdes.*»

I framlegg til føresegn til ny KPA for Vinje som var ute på høyring og offentlig ettersyn står det i pkt 1.8 c): Inngrep i myr og andre typar våtmark skal unngåast så langt som mogleg, slik at areala si evne til lagring og opptak av karbon og flaumdemping blir oppretthalde. Dette er tilnærma same ordlyden som det vert synt til i motsegnet. (Understreking gjort av meg for å synleggjere lik tekst).

Det står også i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging på side 5 at: *Dokumentet (...) ikke kan brukes som selvstendig grunnlag for innsigelse.*

- **Statlige planretningslinjer for klima og energi:** Det er ikkje synt til kva punkt i planretningslinjene motsegna gjeld.
- **Regional planstrategi:** Er dette grunnlag i seg sjølv til å fremje motsegn?, jf blant anna svar på spørsmål frå Stortinget. Utgangspunktet er at denne skal fylgjast opp av regionale planar med arealføringar.

Vidare kan me ikkje sjå at regional planstrategi konkretiserar kva som er dei vesentlege regionale interessene. Planen seier i generelle ordlag at ein skal «*verne om, restaurere*

og øke natur-, jordbruks- og kulturverdiene som finnes i Telemark» og andre generelle formuleringar. Ingen klar føring for myr og gammalskog.

Kommentar til utgreiing av konsekvensane for vassmiljø:

Det er fremja motsegn på grunn av mangelfull utgreiing av planframlegget for vassmiljø jf. vassforskrifta. Fylkeskommunen har skissert at motsegna kan løysast ved at det vert gjennomført KU der vurderingane av vassmiljø kjem tydeleg fram for alle areal som leggast ut til framtidige byggeområder.

KU er gjennomført slik fylkeskommunen har skissert i framlegg til å løyse motsegn, sjå nedanfor:

Tillegg til vurdering av arealinnspeil (ny tekst synt med grøn markering):

• Nr 54, Åmot

Støy, ljosforureining, og forureining til luft, vatn og grunn		Påverkar ikkje støy. Gul støysone for europavegen går så vidt inn i innspelsområdet. Ikkje registrert grunnforureining. Innspelsområdet kan avgrensast for å unngå støysona. Haugebekken nedstrøms inntak (SMVF) og Tokke inntak Tokke kraftverk - utløp Lio kraftverk (SMVF) er klassifisert med moderat økologisk tilstand på grunn av vasskraft. Bustadbygging medfører liten konsekvens for negativ påverknad på miljøtilstand i vassførekomster, med unntak av utslepp av avløpsvatn. Arealet ligg ikkje nær vassførekomst. Åmot reinseanlegg har lite ekstra kapasitet. Kapasitet på reinseanlegget og omfang av utbygginga må vurderast nærmare ved detaljregulering.
---	--	--

• Nr. 87, Rauland

Støy, ljosforureining, og forureining til luft, vatn og grunn		Ikkje påverka av vegstøy og ikkje registrert grunnforureining i området. Innspelsområdet ligg i eit utbygd område og ljosforureining frå ny bustadbusetnad vil ikkje påverke dagens situasjon mykje. Lio er klassifisert med god økologisk tilstand. Bustadbygging medfører liten konsekvens for negativ påverknad på miljøtilstand i vassførekomster, med unntak av utslepp av avløpsvatn. Det føresetjast at det er kapasitet på reinseanlegget. Tiltaket ligg nær ein mindre bekk som ikkje er registrert som vassførekomst i vann-nett.
---	--	---

• Nr 88, Åmot

Støy, ljosforureining, og forureining til luft, vatn og grunn		Ikkje registrert grunnforureining. Ikkje påverka av støy frå veg. Grenser delvis til eksisterande utbyggingsområde og ljosforureining frå ny bustadbusetnad vil ikkje påverke dagens situasjon mykje. Tokke inntak Tokke kraftverk - utløp Lio kraftverk er klassifisert med moderat økologisk potensial på
---	--	---

- Nr 89, Rauland

Støy, lysforureining, og forureining til luft, vatn og grunn		Påverkar ikkje støy og påverkast ikkje av støysoner frå veg. Ikkje registrert grunnforureining. Liaå er klassifisert
		med god økologisk tilstand. Bustadbygging medfører liten konsekvens for negativ påverknad på miljøtilstand i vassførekomster , med unntak av utslepp av avløpsvatn. Det føresetjast at det er kapasitet på reinseanlegget. Arealet ligg nær bekk.

- Nr 68 a, 68 b og 68 c, Rauland

Støy, lysforureining, og forureining til luft, vatn og grunn		Ikkje påverka av vegstøy og ikkje registrert grunnforureining i området. Innspeltområdet ligg i eit utbygd område og lysforureining frå ny busetting/næring vil ikkje påverke dagens situasjon mykje. Innspelsområde 68 a og c er bebyggd. Liaå er klassifisert med god økologisk tilstand. Eksisterande næring (trevarehandel) medfører liten konsekvens for negativ påverknad på miljøtilstand i vassførekomster. Det føresetjast at det er kapasitet på reinseanlegget. Tiltaket ligg nær ein mindre bekk som ikkje er registrert som vassførekomst i vann-nett.
--	--	--

- Samla KU

Støy, lysforureining, og forureining til luft, vatn og grunn

I planforslaget er føresegn om at utandørs lyssetting for fritidsbustader skal avgrensast er gjort gjeldande framfor alle reguleringsplanar. Det nye næringsområdet ved Totak har fått middels negativ konsekvens for temaet. Dette på grunn av at eit datasenter med vasskjøling kan gi fare for redusert økologisk vasskvalitet, og mogleg noko lysforureining/endra lysforhold. Dei nye bustadområda i Åmot har fått middels negativ konsekvens på grunn av at Åmot reinseanlegg er på grensa av kapasiteten per i dag. Ved detaljregulering må det vurderast nærmare kor mange pe utbygginga medfører, og kor mykje kapasitet det er på reinseanlegget. Reinsa avløpsvatn går i krafttunnel til Dalen (Bandak), som har god resipientkapasitet. Campingplassen på Vågslid har fått middels negativ konsekvens fordi det berre føreligg gamal data på vasskvalitet for biologiske og fysisk-kjemiske kvalitetselement. Utbygging av bustader kan medføre endra avrenningsmønster, og avrenning av potensielt forureina overvann til resipient/grunn vil være avhengig av kva som skal etablerast. I anleggsfasen kan det være fare for avrenning av til dømes partiklar eller nitrogenforbindelsar for alle arealinnspeil, dette må avklarast i detaljregulering. Avbøtande tiltak for anleggsfase må utgreiast i miljøoppfølgingsplanar for de ulike tiltaka.

3.5.3. Konklusjon

Planforslaget vurderast å gi stor positiv konsekvens for temaet klimagassutslepp og nøytral konsekvens for temaet forureining.

For å ivareta omsynet til vassmiljø må det sikrast at reinseanlegg og resipientar for reinsa avløpsvatn har tilstrekkeleg kapasitet. Påverknad på vassmiljø og avbøtande tiltak vurderast meir detaljert i reguleringsplan.

Kommentar til manglande/mangelfull KU for FTU2, FTU13 og NÆ41:

FTU2 og FTU13 er allereie godkjende og eksisterande verksemdar som er lagt inn som fritids- og turistføremål. Etableringane har eksistert og vore godkjent i mange år. Det er fremja motsegn fordi det ikkje er utført KU for områda. Fylkeskommunen skisserar at motsegna kan løysast ved at byggjeområda vert teke ut av planen, eller at det vert gjennomført oppdatert KU.

Fylkeskommunen har peika på mangelfull KU for område NÆ41, som er lagt inn som eit næringsområde (med tanke på mogleg etablering av datasenter). Fylkeskommunen peikar på at det manglar utgreiing knytt til mellom anna vassmiljø og transportbehov.


KU for FTU2 og FTU13 er gjennomført slik fylkeskommunen har skissert i framlegg til å løyse motsegn. Oppdatert KU for NÆ41 når det gjeld vassmiljø er gjennomført. Når det gjeld utgreiing av transportbehov, som fylkeskommunen nemner i sitt brev, så vil det ikkje vere mogleg å greie ut kva for transportbehov som potensielt vil kunne koma her. Det ligg ingen konkrete planar om etablering av næring/datasenter pr dags dato. Området vart nytta som massetipp når Statkraft måtte rydde Farastadtippet etter eit skred. Området ber preg av å ha vore anleggsområde og vegen til NÆ41 er difor dimensjonert for både stor og tung last. Dette

vil uansett vere eit tema som må greiast nærare ut på reguleringsplannivå dersom det skulle bli aktuelt.

Utsnitt av oppdaterte dokument ligg nedanfor:

KU for FTU2:

3.3.2. FTU2 Mjøløy, gnr./bnr. 68/45, 68/9.

Forslag	Gnr./bnr.	68/45, 68/9
	Arealstørrelse	23,9 daa
	Føremål i gjeldande plan	LNFR
	Foreslått føremål	Fritids- og turistføremål
	Kort omtale av forslaget	Ynskje om å vidareføre området slik det ligg i dag med camping, bakeri og parkeringsplass. Området vert endra frå LNFR til Fritids- og turistføremål for å synleggjere kva dagens bruk faktisk er, samt ha meir fleksibilitet for eksisterande næringsverksemd for framtida.
	Forslagsstillar	Ynskje er frå kommunen si side, det er ikkje meldt inn innspel frå grunneigarar eller andre.
Kart	Avgrensing av innspel over flyfoto + avgrensing av innspel over gjeldande KPA	
		
Oppsummerande vurdering	Innspelet legg til rette for dagens bruk og vidareutvikling av turist- og friluftsføremål. Ingen vesentleg negative konsekvensar knytt til temaa born og unge, landbruk, mineralressursar, naturmangfald, kulturminne, landskap, klima eller forureining.	
	Ingen vesentlege konflikthar med kommunale føringar, regionale eller nasjonale verdiar.	

	Kriteria	Konsekvens (r/g/b/g)	Verdi og vurdering
Busetting, sentrums- og destinasjonsutvikling	Byggjer opp under kommunesenteret eller lokalsentra		Ikkje innspel om sentrumsføremål, endringa er ei vidareføring av dagens bruk. Området ligg ikkje i nærleiken til sentrumsområde og endringa vil ikkje ha innverknad på eksisterande sentrumsområde. Vurdert til ikkje relevant.
	Legg til rette for busetting og levande grender		Ikkje innspel om busetting, men legg til rette for næringsverksemd som gir høve til busetting. Vurdert til ikkje relevant.
	Barn- og unges oppvekstvilkår		Ikkje område med kjend verdi for barn og unge, endringa av føremål

			vil ikkje gje endringar i dagens situasjon. Vurdert til ikkje relevant.
	Fritidsbusetting i satsingsområda		Ingen endring for fritidsbusetnad, vidareføring av dagens bruk med utleigehytter og bakeri. Vurdert til ikkje relevant.
Næringsutvikling og eit aktivt landbruk	Næringsareal i tilknytning til hovudvegane		Ja, ligg i direkte nærleik til E134 med eksisterande avkøyrsløse til dagens bakeri og camping.
	Ivareta dyrka og dyrkbar mark og beiteområde		Området har ikkje dyrka eller dyrkbar mark, og endringa er ei vidareføring av eksisterande areal.
	Mineralressursar		Ikkje registrerte mineralressursar. Endringa er ei vidareføring av eksisterande areal.
Viktige natur-, kultur, landskaps- og friluftskvalitetar	Ivareta naturmangfald		Området er allereie tilrettelagd og i drift som campinghytter, bakeri og parkeringsplass. Vidare går det interne grusveggar i området, og feltet består av skog. Det er ikkje registrert særskilte naturverdiar i området, men det er gjort ein observasjon i 2024 langs grusvegen av ein nær trua (NT) fugleart- Tårnseilart. Innspelet gjev ingen endring av situasjonen i dag. Føreset at området avgrensast til det arealet som brukast til camping i dag.
	Ivareta kulturminne- og miljø		Ja. Endring av føremålet vidarefører dagens bruk. Området inneheld i dag totalt 18 bygg som er registrert som eit kulturmiljø der tre av bygningane er meldepliktige i hht. Kulturminnelovens §25. Ni av byggane er SEFRAX- bygg.
	Ivareta omsyn til landskap og terreng		Innspelet området er allereie tilrettelagt for campinghytter og bakeri og innspelet syner derfor ikkje å gje noko endring av landskapet.
	Ivareta viktige område og forbindelsar for friluftsliv		Ikkje registrerte stiar eller løypar, ikkje registrert som eit friluftsområde. Får gul konsekvens fordi det er avsett til LNFR i gjeldande plan.
Klimagassutslepp og forureining	Klimagassutslepp		Berekna utslepp av arealbruksendring på om lag 300 tonn CO2-ekvivalenter. Opnar ikkje for ny næring som aukar klimagassutslepp. Medfører i liten grad endringar i trafikk eller trafikkmonster som aukar klimagassutslepp i og med at det er drift i dag.

	Støy, lysforureining, og forureining til luft, vatn og grunn		Innspelsområdet er allerede tilrettelagt for, og i drift som campingplass og bakeri i dag, og endringa i føremål vil ikkje gje auking i støy, lys eller luftforureining. Elva <u>Kleivasøylå</u> er klassifisert med god økologisk tilstand. <u>Smørklepp</u> på nedstrøms utløp Smørklepp II er klassifisert med moderat økologisk tilstand, basert på biologiske kvalitetselement som er moderat pga. forsuring. For eutrofiering og næringsstoff er tilstanden svært god-god. Det er viktig med god sanitærløysing på grunn av nærleik til resipient. Det føresetjast at naudsynte løyver er på plass.
Teknisk infrastruktur	Veg, vatn- og avløp		Gjev ikkje auke i trafikk og har ikkje innverknad på skuleskys.

ROS-analyse				
Tema/uynskte hendingar	Risiko			Omtale
	Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdiar	
Ekstremvær - vind og store nedbørmengder/snø/overvatn				Eksisterande campingplass. Vinterstengd. Området ligg beskytta mellom skog.
Flaum og <u>dambrot</u>				Arealet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum på NVE sine kart men innanfor gjentakintervall mellom 0-1000 års flaum er det ikkje utslag i området anna enn utanfor planområdet i sør der 200 års flaumen slår ut. Vurdert til grøn då sannsyn er sjeldnare enn kvart 1000 år og konsekvens vert låg i og med at busetnaden er fritidsbusetnad og ikkje bygg for varig opphald.
Skred				Ikkje omfatta av aktsemdsområde for snøskred eller steinsprang med unntak av eit område i nordaust

				dersom ein tek med NVE sine kartlag. Dersom ein tek med skogeffekt er det lågt sannsyn for skred, og konsekvensane er vurdert til låge fordi campinga er vinterstengd.
Stor ulykke langs veg				Oversiktleg og lang rett strekning med god sikt. Eksisterande bygg ligg minimum 15 meter frå veg.
Brann i bygningar				Campinghytter- Byggverk berre for sporadisk opphald. Materielle konsekvensar dersom campinghyttene tek fyr då dei er del av eit kulturmiljø.
Skogbrann				Området ligg i og grensar til skog, men området har ei elv på vestsida og veg på austsida og vurderast å vere minimalt utsett for skogbrann. Ikkje rom for varig opphald.
Svikt i tekniske anlegg (drikkevann, avløp, kraftforsyning, EKOM)				Begrensa betydning for camping.
ROS, samla vurdering: Lav risiko.				

KU for FTU13:

3.3.1. Nr. 13, Våglid, gnr./bnr. 97/1

Forslag	Gnr./bnr.	97/1
	Arealstørrelse	20,8 daa
	Føremål i gjeldande plan	LNFR
	Foreslått føremål	Fritids- og turistføremål
	Kort omtale av forslaget	Ber om at Eløthyl camping vert lagt inn som byggeområde
	Forslagsstillar	Trond Neri Eløthyl
Kart	Avgrensing av innspel over flyfoto + avgrensing av innspel over gjeldande KPA	
		
Oppsummerande vurdering	Innspel som er med på å legge til rette for busetting og levande grender. Ingen vesentleg negative konsekvensar knytte til temane barn og unge, landbruk, mineralressurser, naturmangfald, kulturminne, landskap, friluftsliv, klima eller forureining.	
	Ingen vesentleg konflikter med kommunale føringar, regionale eller nasjonale verdiar.	

	Kriteria	Konsekvens	Verdi og vurdering
		(r/g/b/g)	
Busetting, sentrums- og destinasjonsutvikling	Byggjer opp under kommunesenteret eller lokalsentra		Ikkje innspel om sentrumsføremål

	Legg til rette for busetting og levande grender		Ikkje innspel om busetting, men legg til rette for næringsverksemd som gir høve til busetting.
	Barn- og unges oppvekstvilkår		Ikkje område med kjend verdi for barn og unge, lite busetting i området rundt.
	Fritidsbusetting i satsingsområda		Ikkje innspel om fritidsbusetnad
Næringsutvikling og eit aktivt landbruk	Næringsareal i tilknytting til hovudvegane		Ikkje innspel om næring
	Ivareta dyrka og dyrkbar mark og beiteområde		Ikkje dyrka eller dyrkbar mark.
	Mineralressursar		Ikkje registrerte mineralressursar.
Viktige natur-, kultur, landskaps- og friluftskvalitetar	Ivareta naturmangfald		Naturkartlagt i samband med kommuneplanprosessen i 2024. Raudlistearten vipe (CR) er observert ved vatnet. Innspelsområdet er allereie tilrettelagt for og i drift som campingplass. Innspelet gir ingen endring av situasjonen i dag. Ikkje naturområde, utbygd areal. Innspelsområde, som følgjer matrikkelen, tek med seg mykje kantsonareal mot vassdrag og delar av elva i nord. Føreset at innspelsområde avgrensast til det arealet som brukast til camping i dag.
	Ivareta kulturminne- og miljø		Ikkje registrerte kulturminne- eller miljø.
	Ivareta omsyn til landskap og terreng		Område ligg rett ved eit vatn og inngår i det opne landskapetrommet. Innspelsområdet er allereie tilrettelagt for camping og innspelet syner derfor ikkje å gje noko endring av landskapet.
	Ivareta viktige område og forbindelsar for friluftsliv		Ikkje registrerte stiar eller løypar, ikkje registeret som et friluftsområde. Får gul konsekvens fordi det er avsett til LNFR i gjeldande plan.
Klimagassutslepp og forureining	Klimagassutslepp		Berekna utslepp av arealbruksendring på om lag 200 tonn CO2-ekvivalentar. Opnar ikkje for ny næring som aukar klimagassutslepp. Medfører i liten grad endringar i trafikk eller trafikkmonster som aukar klimagassutslepp i og med at det er drift i dag.
	Støy, ljusforureining, og forureining til luft, vatn og grunn		Innspelsområdet er allereie tilrettelagt for og i drift som

			campingplass. Ingen endring frå situasjonen i dag. Flothyl - Kjela (SMVF) er klassifisert med moderat økologisk tilstand, på grunn av vasskraft. Tilstand ift. eutrofiering er svært god-god, basert på data frå 2009-12. Konsekvens er satt til gul pga. eldre datagrunnlag. Det er viktig med gode sanitærløysing på grunn av nærleik til resipient. Det føresetjast at naudsynte løyver er på plass.
Teknisk infrastruktur	Veg, vatn- og avløp		Ikkje offentlig VA i området.

ROS-analyse

Tema/uynskete hendingar	Risiko			Omtale
	Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdiar	
Ekstremvær – vind og store nedbørmengder/snø/overvatn				Eksisterande camping plass. Ligg ope til ved Flothyl og er utsett for sterk vind. Sesongavgrensa opnetid.
Flaum og dambrudd				Heile arealet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum. Vassdraget er regulert og regulering kan dempe flaumfare.
Skred				Areala ligg innafor aktsemdsområde for snøskred, men utanfor dersom ein tek med skogeffekt. Vinterstengt camping.
Stor ulykke langs veg				Kryss på oversiktleg strekning med god sikt.
Brann i bygninger				Campinghytter.
Skogbrann				Grenser ikkje mot skog.
Svikt i tekniske anlegg (drikkevann, avløp, kraftforsyning, EKOM)				Begrensa betydning for camping.
ROS, samla vurdering: Lav risiko. Reguleringen av vassdraget har tyding for flaumfare.				

Oppdatert KU NÆ41:

3.5.2. Nr. 41, Totak, gnr./bnr. 125/1

Forslag	Gnr./bnr.	125/1
	Arealstørrelse	21
	Føremål i gjeldande plan	LNFR og omsynssone overføringslinjer for kraft

	Foreslått føremål	Næring
	Kort omtale av forslaget	Område for mogleg datasenter ved Totak kraftverk.
	Forslagsstillar	Vinje kommune v/næringssjef
Kart	Avgrensing av innspel over flyfoto + avgrensing av innspel over gjeldande KPA 	
Oppsummerande vurdering	Gardskart viser at det er 7,4 daa fylldyrka jord innafor området. Det er usikkerheit knytt til korleis eit datasenter vil påverka naturverdiar på land og i vatn, samt støy og ljøsforureining. Konsekvensar for vassmiljø er avhengig av om det blir luft- eller vasskjøling. Kjølemetodikk og konsekvensar av det må avklarast på reguleringsplannivå. Arealet ligg utsett for fleire type skred og for flaum. Samla risiko settast høg grunna fleire risikomomenter. Konflikt med dyrka mark. Usikkerheit knytt til ein rekke konsekvensar, særleg for naturmangfald på land og i vatn og vasskvalitet, som må utgreiast nærare i den vidare prosessen.	

	Kriteria	Konsekvens (r/g/b/g)	Verdi og vurdering
Busetting, sentrums- og destinasjonsutvikling	Byggjer opp under kommunesenteret eller lokalsentra		Ikkje innspel om sentrumsføremål
	Legg til rette for busetting og levande grender		Ikkje innspel om busetting, men legg til rette for næringsverksemd som gir høve til busetting.
	Barn- og unges oppvekstvilkår		Ikkje område med kjend verdi for barn og unge, lite busetting i området rundt.
	Fritidsbusetting i satsingsområda		Ikkje innspel om fritidsbusetnad
Næringsutvikling og eit aktivt landbruk	Næringsareal i tilknytning til hovudvegane		Rundt 1,4 km til veg fylkesveg 362. Lett å koble til naudsynt infrastruktur, til dømes kraft.
	Ivareta dyrka og dyrkbar mark og beiteområde		Delar av innspelsområdet er registrert som dyrka mark. Flyfoto viser at det er teke ut massar på heile dette området, mens <u>gardskart</u>

			viser at er 7,4 daa fulldyrka jord innafør området og det leggst til grunn at det er dyrka mark innanfor innspelsområdet i dag.
	Mineralressursar		Det er ein registrert grusførekomst i innspelsområdet. Området er definert som eit deponiområde for <u>tunellmassar</u> , men det er også uttak av sand og grus i ukjent omfang. Ressursen er vurdert til å ha lokal betydning. Mineralressursens utstrekning og kva utbyggingsplanane vil ha å sei for mogleg utnytting av <u>gjenverande massar</u> bør vurderast nærmare.
Viktige natur-, kultur, landskaps- og friluftskvalitetar	Ivareta naturmangfald		Innspelsområde er ikkje <u>NIN</u> -kartlagd. Dersom det planleggast <u>vasskjøling</u> , er <u>vurdering</u> av både <u>temperatur</u> og ulike <u>tilsetningsstoffer</u> i kjølevatnet nausynt.
	Ivareta kulturminne- og miljø		Påverkar ikkje kjende kulturminne eller miljø.
	Ivareta omsyn til landskap og terreng		Gir eksponering og endring av landskap.
	Ivareta viktige område og forbindelsar for friluftsliv		Ikkje registrerte stiar eller løypar, ikkje registeret som et friluftsområde. Konsekvens settast til gul fordi det er avsett til LNFR i gjeldande plan.
Klimagassutslepp og forureining	Klimagassutslepp		Berekna utslepp av arealbruksendring på 0 tonn CO2-ekvivalentar. Opnar ikkje for ny næring som aukar klimagassutslepp, men det er energikrevjande næring. Medfører i liten grad endringar i trafikk eller trafikkmønster som aukar klimagassutslepp i driftsfasen, men vil gje noko auka trafikk i anleggsfasen.
	Støy, lysforureining, og forureining til luft, vatn og grunn		Eit datasenter vil kunne generere lysforureining. <u>Totak (SMVF) er klassifisert med godt økologisk potensial. Datasenter med vasskjøling kan gi fare for redusert økologisk tilstand, det er også et stort behov for inntak av vatn for kjøling av senteret. Tiltaket ligg nær vassdrag, og kan medføre tiltak i kantvegetasjon. Det må etablerast eget reinseanlegg for tiltaket.</u>
Teknisk infrastruktur	Veg, vatn- og avløp		Ikkje offentleg VA i området

ROS-analyse				
Tema/uynskte hendingar	Risiko			Omtale
	Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdier	
Ekstremvær - vind og store nedbørmengder/snø/overvåtning				Det gjenne dreneringslinjer gjennom området.
Flaum og <u>dambrudd</u>				Heile arealet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum. Vassdraget er regulert og regulering kan dempe flaumfare. Datasenter vil vere sårbart for flaum.
Skred				Arealet ligg innafor aktsemdsområde for snøskred både med og utan skogeffekt, steinsprang, jord- og flaumskred.
Stor ulykke langs veg				Ikkje vesentleg auke i trafikk.
Brann i <u>bygninger</u>				Brannstasjon i Edland. <u>Kjøretid 15 min. Kun ein atkomst frå fv. 362</u>
Skogbrann				Grensar mot store skogsareal. Lavt (kategori 2) skogbrannpotensiale (NIBIO) i området.
Svikt i tekniske anlegg (<u>drikkevann</u> , avløp, kraftforsyning, EKOM)				Datasenter krev omfattande tekniske anlegg. Svikt av ulike grunnar vil vere ei risiko.
ROS, samla vurdering: Arealet ligg utsett for fleire type skred og for flaum. Samla risiko settast høg grunna fleire <u>risikomoment</u> .				

Ny føresegn til NÆ41:

2.7.1. NÆ 41

Ved etablering av verksemd som krev kjøling frå vatn eller luft skal konsekvensane for vasskvalitet i Totak utgreiast særskilt ved regulering. Ny næring skal ikkje redusere den økologiske tilstanden i Totak.

Kommentar til P1 og ABA45 Stokketjønn:

Fylkeskommunen har fremja motsegn til parkeringsplass (P1) og renovasjonsanlegg (ABA45) på Stokketjønn av omsyn til villrein. Fylkeskommunen skriv at arealendringa ikkje er konsekvensutgreidd. Dette stemmer ikkje, då det er gjennomført KU for området (syner til KU som låg ved under høyring og offentleg ettersyn pkt 3a, 3b og 3c). P1 er ein eksisterande parkeringsplass i dag, og ikkje eitt nytt arealinngrep.

Stokketjønn og utfordringane knytt til ferdsel, parkering osv har vore eit tema i kommunen i mange år. Etter at hyttene fekk innlagt straum har bruken av hyttene auka. Kommunen la ned mellombels forbod med å brøyte Stokketjønnvegen av omsyn til villrein i 2021, i påvente av ei avklaring av temaet i arbeidet med KPA. Administrasjonen har hatt møte med villreinnemnd og

villreinsenter for å diskutere villrein (mellom ana området Stokketjønn). Referat av møtet ligg vedlagt. Her vart det avklart at, av omsyn til villreinen, bør ikkje Stokketjønnvegen brøytast lenger enn til Stokketjønn seter. For å løyse parkeringsutfordringane som er vintertid, har det vore dialog mellom grunneigar og Statens Vegvesen om at grunneigar overtar parkeringsplassen P1 av SVV og kan nytte denne som parkering til hyttefeltet og stenge den for utfartsparkering (dersom me ikkje kan leggje den inn som arealføremål i KPA, mister me anledninga til å krevje bom for å stenge den). Hovden ligg ikkje langt unna og det er ein del som køyrer til Stokketjønn for å gå på ski. Ved å gjere dette tiltaket, vil ein sleppe å lage til ei ny vinterparkeringsplass for Stokketjønnområdet i eit sårbart område med mykje myr, og ein vil redusere utfarten hit vinterstid.

Dagens løysing med søppelcontainere som står innerst på parkeringsplassen er ikkje trafikksikker eller miljøvenleg. Det er behov for å etablere ein plass for sortering av søppel. Det er diskutert mange løysingar i samråd med Renovest og deira krav, men det er landa på at ABA45 vil vere det minst konfliktfylte alternativet.

Konklusjon:

Vinje kommune håpar at motsegna frå fylkeskommunen på nemnde områder kan trekkast på bakgrunn av løysingane som er skissert over. Ta gjerne kontakt dersom det er behov for nærare avklaringar eller spørsmål.

Med helsing

Turid Opsund

rådgjevar plan

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg

- 1 Referat møte om villrein og KPA 13.11.24
- 2 KPA - Justering av plandokument i høve myr og våtmark

Mottakarakar:

TELEMARK FYLKESKOMMUNE

Kopi til:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK